



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792


Vår referanse:
15/256900-13

Dykkar referanse:

Vår dato:
18.06.2019

Ber om opplysning til sak – Fv. 404 – Reguleringsplan for Stølshaugane – Søknad om skilting til Kvamsvågen friluftsområde.

Statens vegvesen viser til planarbeid for mindre endring av reguleringsplan for Stølshaugane med føremål å etablere avkøyrsla til Kvamsvågen friluftsområde. Vi viser og til søknad om skilting til friluftsområde.



Del av reguleringsplan Stølshaugane, revidert 2017.

I følge føresegner til reguleringsplan skal Statens vegvesen godkjenne tekniske teikningar for avkøyrsla til friluftsområde vert bygd:

- 2.1.8 Før arbeid på og nær fylkesveg 404 kan gjennomførast skal tekniske teikningar for avkøyrsla godkjennast og det skal underskrivast ein gjennomføringsavtale med Statens vegvesen med grunnlag i byggeplan for tiltaket.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vi kan ikkje sjå å ha mottatt slike teikningar. Vi er kjent med at det er utført arbeid med avkøyrsla ned til Kvamsvågen, Vi ber difor kommunen sender oss teikningar på kva som er bygd slik at vi kan vurderer om avkøyrsla er i samsvar med Handbok N100, og i samsvar med det som er regulert.

Vi vil og vise til at vi var på synfaring på staden 31. mai 2019. Det er fleire forhold ved utforminga av avkøyrsla vi stiller spørsmål ved, mellom anna svingradius og avgrensing av denne mot sideterrenget, særleg retning venstre i avkøyrsla. Vi minner og om at siktkrav som er satt i reguleringsplanen er minimumskrav. Vi meiner sikta ikkje er i samsvar med dei krav som er sett i reguleringsplan.

Oppsummert:

Før vi godkjenner avkøyrsla ber vi om å få tilsendt tekniske teikningar som syner kva som faktisk er bygd og at utforminga er i samsvar med Handbok N100. Vi meiner det er fleire forhold som bør rettast opp før vi kan anbefale skilting til området.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.